

# MØTEREFERAT FAU NORDBYGDENE SKULE 08.04.24

TILSTADES: Ruth Marie Østråt Koksvik, Marita Skrindo-Tveito, Helene Uhlen Dokk (for Øystein Flaget), Anne Vetteren Grøthe, Elin Nordheim og Ragna Torkelsgard (ref)

## 1. Orientering frå rektor om skulen

Info om innspel frå skulen om prioritert sak til Stratetgikonferansen; ynskje om at det i oppvekstsektoren for grunnskulen skal vera møtetid til kompetanseheving og teamarbeid for tilsette.

Stillingsutlysninga: 2 vakante lærarstillingar frå hausten; 1 fast og 1 fødselspermisjon. Tilbod om desse stillingane er sendt internt til to tilsette ved skulen. Vakante fagarbeidar – og miljørarbeidarstillingar har også aktuelle kandidatar. Kabalen ift personalet og klasseinndeling er ikkje landa enno, men rektor kjem attende med informasjon på neste FAU-møte. Fådelt skule fortsett.

Kompetansekravet i lovverket som kjem i fag i sektoren (ref SU-møtet 29.01.24) vil føre til at det er nødvendig å fortsetja med, og auke, samarbeid på tvers av trinna. Familiehjelpen er på skulen fram til sumaren då det har fungert veldig godt.

## 2. Skidag

FAU etterspør den årlege skidagen. Fint om dette kjem inn som eit fast arrangement i årshjulet til skulen.

## 3. 17.mai arrangement i framtida.

Det er færre elevar på kvart kull og fleire føresette kjenner på dugnadsarbeidet som ei større belasting enn tidlegare. Det er 2.&3.trinn som har ansvaret. Kan ein tenkje at 17.mai arrangementet kan involvere fleire ressursar enn føresette, som f.eks Bygdekvinnelaget eller grendelag? FAU sitt innspel er at det blir arrangert eit felles møte for Nordbygdene tidleg haust; neste års FAU og 2.&3.trinn følgjer opp saka.

## 4. Leirskule – tilskot

Det blir gjeve kr 1000,- per elev i tilskot frå FAU. Dette vedtaket er gjeldande så lenge det er tilstrekkeleg med innskot i FAU-kassa, hovudsakeleg via arrangement.

## 5. Oppgradering av ballbingen

Purre på status i denne saka, ref møtet i januar. Vart sendt førespurnad til oppvekstkontoret då. Elin tek saken vidare.

## 6. Skulestartarane 2024

Neste års skulestartarar er 7 stk, og fleirtalet av desse er gutter som er født på hausten. Forsking viser til at det kan vera ekstra utfordringar spesielt for gutter med tidleg skulestart. Dei føresette ytrar eit ynskje om at det kan takast hensyn til dette slik at denne gruppa får ein god overgang med stabilitet og ro. Det blir i småtrinnet vektlagt tid til leik som ein del av læring, både ute- og inneleik.

Med fådelt skule blir sjølvsagt det pedagogiske vektlagt, saman med tilgjengelege ressursar, for å koma fram til gode løysingar for skuleåret.

FAU minnar om at det er veldig viktig med god kommunikasjon og informasjon mellom skulen og føresette. Elin initierer eit møte med dei føresette til skulestartarane.

#### **7. Foreldremøte 23.04.2024**

Vårens foreldremøte er ein kombinasjon av foredraget med *Marco Elsafadi* på Ål Kulturhus 23.april kl 18, med påfølgjande foreldremøte for skulen vår med refleksjon om tema «*trivsel og inkludering*»: Individuelle refleksjonar. Kva kan me ta med oss inn i trinna og til heile skulen?

Meir praktisk info kjem om lokasjon for foreldremøtet etter foredraget. Dersom ein ikkje har høve til å delta på foredraget, er det ynskjeleg at føresette deltek på møtet etterpå. FAU sender ut påminning. Dette tema skal jobbast med vidare på foreldremøtet til hausten, der ombodet for barn og unge vera med.

Elevane frå 5.trinn og oppover, samt lærarar skal på foredraget på dagtid, tilpassa dei som målgruppe.